

Volda Formannskap
Rådhuset
Stormyra 2
6100 VoldaVolda kommune
v/ordføreren
Stormyra 2
6100 VoldaVolda kommune
Utvikling
Stormyra 2
6100 VoldaE-post: postmottak@volda.kommune.noÅlesund, 26. september 2017
bkh/nw**Gjeld Planid 2012012 Fylkesveg 651 – E39 Småbåthavna – Elvadalen. Ny planvurdering.**

Eg syner til Volda kommune Utviklings brev 20. september 2017 stila ei rekkje grunneigarar.

Ved brevet heiter mellom anna følgjande:

*«I møte med kommuneadministrasjonen har Statens Vegvesen også gjort kjent at dei ynskjer å gjere ny vurdering av alternativ veglinje sør for elva.**Statens vegvesen vil i møte den 2.10.2017 orientere Volda Formannskap nærare om status for dette planprosjektet. Her vil også spørsmål om ein skal ta opp att eit slikt alternativ sør for elva bli nærare drøfta.»*

Humberset Bil AS, Odd Johan Humberset og Asbjørn Humberset har m.a. på vegne av eigedomane gnr. 29 bnr. 16 og 19 tatt kontakt hit i høve brevet.

Omtala alternativ veglinje sør for elva er skissemessig vist i eit vedlegg ettersendt kommunens brev. Den skissa synar eintydig klårt at bustadhuset til Asbjørn Humberset må rivast. Vidare synar framlegget ei løysing av vegføringa som vil øydelegge for all aktivitet innan Humberset Bil AS. Dette vil partane mine kunne kommenterer ytterlegare ved høve og i rett kontekst.

På slik bakgrunn vil eg på vegne av partane mine klårt seie frå at det **ikkje** kan vere rett av Formannskapet no å ta stode til om eit slikt alternativ sør for elva er ynskeleg. Før Formannskapet vurderer det spørsmålet, må ei slik mogleg løysing førehandsvarslast med frist for samtlege grunneigarar å spele inn sine merknadar.

Eg vil såleis instendig be Formannskapet avstå frå å signalisere noko som helst til Statens vegevens før slik høyringsrunde er gjort. Slik høyring vil vere eit grunnleggande kriterie for rett saksbehandling, jf. forvaltningslova sine sakshandsamingsreglar.

Eg legg til grunn å verte halden orientert fortløpande i det vidare.

Med venleg helsing



Bjørn Kristian Hove
advokat